


Strandsoneanalyse for Gulen kommune

Delområde 1: Eivindvik, Brandangersundet og Sløvåg



**Strandsoneanalyse for Gulen kommune
Delområde 1**

Oppdrag: 5103402

Arbeid utført av: [Norconsult AS](#)

Oppdragsleder: Lina M Ørnehaug

Mail: lina.marie.ornehaug@norconsult.com

Leveringsdato: 18.mai 2011

FORORD



Gulen kommune ligg sørvest i Sogn og Fjordane, mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Landarealet på 596 km² inneholder ein variert og spennande natur. Gulen består av 1500 øyar, holmar og skjer, og eit fastland som er prega av små dalføre på kryss og tvers i landskapet.

Gulen kommune har fått midlar til å gjennomføre strandsoneanalyse for kommunen, eit delområde som omfattar både Eivindvik og Sløvåg. Arbeidet er resultat av eit fagleg samarbeid mellom Gulen kommune, og Norconsult AS.

I arbeidet har det vore viktig å peike på dei ulike interessene for strandsona, knytt til dette området. Fagområde som er vurdert er landskap, kulturminne, natur, friluftsliv, næringsinteresser og område for bustad/fritidsbustad. I tillegg har ein utarbeidd funksjonell strandsone for delområdet.

Føremålet med strandsoneanalysen er å tilrå kva areal som kan utbyggjast, kva område ein bør vere varsam med og kva område ein bør halde fri for nye tiltak. Ein har kartlagt viktige verdiar i strandsona for å få ein betre arealforvaltning med vekt på utbyggingssaker. Analysen deler difor strandsona inne i tre sårbarheitsklassar med omsyn til mogeleg utbygging.

INNHALDSLISTE

1	STRANDSONA – UNDER AUKA PRESS	9
1.1	Definisjonar	9
2	STUDIEOMRÅDET	10
2.1	Tema for analysen	11
3	REGISTRERING AV INTERESSER OG KVALITETAR I STRANDSONA – DELOMRÅDE 1	13
3.1	Landskap, overordna nivå	13
3.2	Rekreasjon og friluftsliv	15
3.3	Natur	15
3.4	Næringsinteresser	15
3.5	Kulturminne	15
3.6	Bustad/fritidsbustad	16
4	OMRÅDE A – SLØVÅG - POSTVÅGEN	17
4.1	Landskap	18
4.2	Rekreasjon og friluftsliv	20
4.3	Natur	20
4.4	Næringsinteresser	22
4.5	Kulturminne	22
4.6	Bustad/fritidsbustad	23
4.7	Konklusjon delområde A - Sløvåg	23
5	OMRÅDE B - EIVINDVIK	24
5.1	Landskap	24
5.2	Rekreasjon	26
5.3	Natur	26
5.4	Næringsinteresser	28
5.5	Kulturminne	28
5.6	Bustad/fritidsbustad	29
5.7	Konklusjon om delområde B - Eivindvik	30
6	OMRÅDE C – BRANDANGERSUNDET	31
6.1	Landskap	31
6.2	Rekreasjon	34
6.3	Natur	35
6.4	Næringsinteresser	35
6.5	Kulturminne	37
6.6	Bustad/fritidsbustad	37
6.7	Konklusjon om delområde C - Brandangersundet	39
7	SÅRBARHEITSKART MED KOMMENTARAR	40
8	KONKLUSJON	49
9	KJELDER	50

1 STRANDSONA – UNDER AUKA PRESS

Strandsona er under aukande press for ulike utbyggingsføremål, samstundes som 100-metersbeltet ved sjø er definert som eit område av nasjonal interesse med eit særskilt vern direkte nedfelt i lovverk. I høve plan- og bygningslova §1-8 *Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*, skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesse.

Heilskapleg planlegging må til, skal ein sikre at dei viktige ressursane i strandsona vert teke vare på. Tilfeldige dispensasjonar fører til ei fragmentert utvikling, i tillegg til at overstyrande grep i forvaltning i kommunen fell bort.

1.1 Definisjonar

Strandsone

Omgrepet strandsone omfattar areala på land som er i tilknytning til eller i samspel med sjøområda. I utgangspunktet refererer ein då til 100-metersbeltet.


Strandline

Strandlinna er der sjø og land møtest.

Funksjonell strandsone

Funksjonell strandsone er område på land, knytt til strandsona, som inneholder verdiar knytt til natur, kultur, landbruk, biologisk mangfold og landskap, som er viktige å ivareta, eller å ta omsyn til. Den funksjonelle strandsona avgrensar seg og ved samspelet mellom land og sjø, der til dømes tilkomst til sjø er vanskeleg, enten i form av topografi og naturlege stengsel, landskapsrom eller i form av fysiske inngrep.

Funksjonell strandsone må ikkje forveklast med ei juridisk byggjegrense i plan. Den funksjonelle strandsona har ingen juridisk verknad, men er rettleiande i arealforvaltninga.



2 STUDIEOMRÅDET

Studieområdet er eitt av fire delområde for Gulen kommune, som det er ynskje å utarbeide strandsoneanalyse for. Innanfor studieområdet er det tre områder som skal ha ei nærmere vurdering. Desse delområda er følgjande:

- A: Sløvåg - Postvågen
- B: Eivindvik
- C: Brandangersundet

Kommunen er i gang med planarbeid for desse områda, og det er difor naudsynt med ei nærmere utgreiing om kva verdiar, interesser og kvalitetar som ligg her i høve strandsona.

Heile studieområdet er ikkje synfart. Det er strandsona som er kringliggande dei tre delområda som har vore i fokus for denne analysen.

Den funksjonelle strandsona er ikkje markert der det er større næringsområde. Strandsona her er ikkje interessant å kartlegge for allmenn ferdsel.

2.1 Tema for analysen

Gjennom analysen ser ein på fleire tema som er knytt til verdiar i strandsona. Tema ein har sett på er følgjande:

Landskap

Overordna og underordna landskapsformer og landskapsrom. Utgangspunktet for arbeidet med landskap i denne rapporten er arbeidet utført med landskapsskartlegging for vindkraft¹: "Landskapsskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke. Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft." Aurland naturverkstad, rapport 07-2009. Bakgrunnen for arbeidet er elles ei heildags befaring med båt, samt bruk av kart og foto.

Målet med arbeidet med landskapstemaet er å nyansere biletet frå rapporten ved å peike ut lokale område med potensiale for høgare eller lågare verdi enn det som er gitt i rapporten slik at nytteverdien for planlegging aukar.

Tekniske inngrep

Større område utan tekniske inngrep har ein eigenverdi. Inngrepsfrie område (INON) fungerer som eit verktøy i arealplanlegging for å kunne fylge opp politisk vedtekne målsetjingar om at inngrepsfrie naturområde i størst mulig grad skal takast vare på i framtida.

Naturkvalitetar og biologisk mangfold

Kvalitetane er i naturen og variasjonen naturen inneber, er viktige å ta vare på. Grunnlaget som er brukt i denne analysen er eksisterande kartlegging av biologisk mangfold og INON område.

Kulturminne

Kulturminne er spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljø, som lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Registrerte kulturminne, henta frå fylkesatlas, er nytta i denne analysen.

Strandsona

Registrering av kvar strandsona er funksjonell, i forhold til allmenn ferdsel, topografi, naturlege eller fysiske stengsel.

Rekreasjon og friluftsliv

Område som har særlige verdiar knytt til friluftsliv og ferdsel. Dette gjeld både område som ein kan kome til ved fots, eller ved hjelp av båt.

¹ Landskapsskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7 (2009)
Strandsoneanalyse for Gulen kommune



Bilete syner 3d perspektiv over studieområdet, www.norgei3d.no

3 REGISTRERING AV INTERESSER OG KVALITETAR I STRANDSONA – DELOMRÅDE 1

3.1 Landskap, overordna nivå

Gulen på landskapsregionalt og lokalt nivå

Som utdraget under, frå Fylkesatlas for Sogn og Fjordane syner, er Gulen regionalt sett, med nokre små unntak, vurdert som C-område - dvs. Representativt/vanleg førekommande.

Sitat som gjeld heile Gulen (Underregion 20.3): "Strandflatelandskap dominar område og landforma omfattar dei aller fleste landskapstypane. Skjergarden ligg med ei stort mengd øyar, holmar, og skjer og omkransar området frå nord mot vest. Sentralt er store øyar og fastland i austleg del. Landflata er opprive der små vågar, smalsund og småfjordar skjer seg inn og skapar mange småskala rom. Eit typisk karaktertrekk er vekslingsa mellom kysthei, våg og smalsund, open skjergard og småfjordar og der ytre kystfjell stikk opp som låge, men markerte paddehattar over strandflata. Den låge ytre strandflata står i kontrast til kystfjella som dannar den grånande, austlege horisonten. Området utgjer start på samanhengande og typisk strandflatelandskap som pregar store delar av LR 20 sørover gjennom Hordaland og nordleg del av Rogaland."

The map illustrates the regional landscape values (B and C) across Gulen. A dashed red line outlines a specific study area. The legend indicates that orange represents value B and yellow represents value C. The map shows a mix of green (forest), blue (water), and grey (rocky terrain) areas, with the study area overlapping a large green region. A scale bar at the bottom right shows distances from 2 100 to 17 000 meters.

Teiknforklaring

- Studieområde
- Regional landskapsverdi

VERDI

- B
- C

LANDSKAPSVERDI - REGIONALT NIVÅ

N S W E

2 100 4 200 6 300 12 700 17 000 meters

Gulen kommune

Strandsoneanalyse

Norconsult


Vestkysten i Sogn og Fjordane er i rapporten underdelt i landskapsområde*. Det meste av det aktuelle analyseområdet for strandsona er klassifisert som C Representativt/vanleg førekommende, medan Gulafjorden har fått lokal B-verdi.

* Landskapsområda er i rapporten klassifisert under ulike landskapstypar som igjen er tilordna ulike landskapsregionar med underregion, alt med referanse til Skog og land sitt system for landskapsregional inndeling av Noreg.



Omtale

Analyseområdet er i hovudsak eit småfjord- og storsundlandskap, men har òg noko kyst tilhøyrande fjordbassenget Fensfjorden. Hovudforma vekslar mellom ei open, men ofte langsmal fjordform med ujamne og slake fjordsider til jamne og langstrakte sund som skjær seg inn igjennom skjergarden eller store øyar og nes². I tillegg finn ein markerte sprekkeforkastningar i nord-sør retning og som nemnt fjordbasseng. Eit lågt relieff gjev slake fjordsider som ofte ikkje ligg høgre enn 60 - 100 moh.



² Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7 (2009)
Strandsoneanalyse for Gulen kommune

3.2 Rekreasjon og friluftsliv

Det er fleire område her som eignar seg for friluftsliv og rekreasjon, nokre meir tilgjengeleg enn andre. Område med variasjon som ytre skjergard, små øyar og holmar, berg, slakt terreng og strender, er ofte attraktive for rekreasjon og friluftsliv i strandsona.

Innanfor studieområdet ligg det to regionalt viktige friluftsområde:

- Eivindvik - Flolid
- Steinsøy, Eidøy, Skogsøy og Steinsvågen

Gulen kommune har gjort nylege barnetrakkregistreringar i 2010. I delområde 1, er registreringane i strandsona i Fureneset.

3.3 Natur

Langs kysten i delområdet er det fleire INON-område (her i kategorien område meir enn 1 km i frå tyngre tekniske inngrep). Dei fleste INON områda er relativt små, med unntak av partiet mellom Setenesfjellet, Tverrfjellet og Storefjellet, nord for Brandanger.

Det er ikkje lokalisert kritisk trua raudlisteartar i strandsona innanfor studieområdet. Påviste nær trua artar er følgjande: Fiskemåke, bergirisk, strandnipe og vite³.

Det er nokre registrerte førekomstar av biologisk mangfald innanfor studieområdet. Eit større område med kystlynghei på Midtbøfjell er av verdtype B -VIKTIG. Den same verdien har israndavsetningane i Fensfjorden, sør for Sande.

I Nordgulfjorden og aust for Bjørøyna er der gyteområde for torsk.

3.4 Næringsinteresser

Industriområde Sløvåg er største utbygt område i Gulen kommune for næring, og særleg industri, lager, og kontor. I Brandangersundet ligg akvakulturopdrettsanlegg og fiskeområde.

Kring området Sløvåg ligg areal for sleppt storfe, sau og lam. Steine er eit viktig landbruksområde i Gulen. Området har relativt sett mykje samanhengande dyrka mark og tilgrensande innmarksbeite.


Ferjeruter går i dag mellom Sløvåg og Leirvåg. Stoppestaden Skipavik er nedlagt etter at bruva over Brandangersundet vart teke i bruk november 2010.

3.5 Kulturminne

Det er fleire viktige kulturminne innanfor studieområdet. Blant fleire kan dei to steinkrossane frå 1000 talet nemnast spesielt. I tillegg er Gulatinget frå 900 talet, vestlandet sin lovstad, lokalisert på Flolid.

Fleire kulturminne vil nemnast nedanfor under kvart av delområda.

³ www.artsdatabanken.no




Gulatinget – vestlandet sitt gamle lovområde, og den angeliske steinkrossen i Eivindvik.

3.6 Bustad/fritidsbustad

Samfunnsdelen av kommuneplanen syner som strategi for bygdeområde i kommunen; Eivindvik, Byrknesøy, Brekke og Dalsøra. Eivindvik er kommunesenter. Det er mange fritidsbustader i Gulen, dei fleste lokalisert langs Brandangersundet.

4 OMRÅDE A – SLØVÅG - POSTVÅGEN

Sløvåg - Postvågen m.m. ligg søraust i Brandangersundet, sør i Gulen. Området har ferjesamband over til Leirvåg på fylkesveg 57. Sløvåg - Postvågen grensar til Fensfjorden. Vest i området har det vore stor industriell vekst sidan 80-talet, pga. av si sentrale lokalisering i forhold til Mongstad.



Område A - Sløvåg. Kjelde: www.Norgei3d.no

4.1 Landskap

Området rører ved to registrerte og eit ikkje registrert landskapsområde i rapporten⁴:

- 20T06-01 Brandangersundet, sørleg del (Sløvåg)
- 20 T07-01 Fensfjorden (liten del nær Sløvåg)
- Strandsona Sløvåg - kommunegrensa (Ikkje klassifisert i rapporten)

Området f.o.m. Halsvika og aust til fylkesgrensa er av uklare grunner ikkje med i rapporten.

Området er både ein del av fjordbassenget Fensfjorden og småfjord- og storsundlandskapet i søre del av Brandangersundet. Storformene veksler mellom fjordbassenget og ei open, men langsmal fjordform med ujamne og slake fjordsider. Noko av det som er karakteristisk er at mellomformer skjerer seg inn i storformene og dannar "overraskande" lune vikar/pollelandskap/sund med stor variasjon i strandlinia, med mange småholmar og ofte med utsyn både ut mot fjorden utanfor og mot fjerntliggende fjell.

Heilt i aust har Fonnesvågen - Kroksundhamrane - Ilevågen eit heilskapeleg, særmerkt og sær variert "poll-landskap" med variert kystline, mange småholmar og med utsikt mot fjorden mot sør, og mot høge fjell mot aust. Potensiell B-verdi - stor regional verdi.

Postvågen dannar på tilsvarende måte eit særmerkt, mellomskala, lunt landskapsrom i kontrast til det opne fjordbassenget i Fensfjorden. Vågen har ingen inngrep forutan kulturlandskapet heilt inne. Her er det knytt historie til den gamle postvegen. Potensiell B-verdi - stor regional verdi.


Halsvikvågen er den djupaste vågen av dei tre ovannemnte. Her er det bustad, og fritidsbustad inst inne. Storhaugen dannar ein viktig buffer i landskapet mellom Halsvikvågen og industriområdet på Sløvåg, slik at busetnaden ligg heilt skjerma frå anleggverksemda. Potensiell B-verdi - stor regional verdi.

Næringsområdet på Sløvåg er eit næringslandskap som er så endra at det ikkje lenger har dei landskapsverdiane som er representative for dette kystområdet. Potensielt ikkje verdi som landskap.

Nord for Sløvåg ligg Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna på rekke, og dannar ein eigen "indre lei", eit eige smalt, mellomskala landskapsrom innafor storformen Brandangersundet. Her ligg og Steinsvågen. Det er bygd ny veg i området, i samband med bru over Brandangersundet (opna nov 2010). Området består av små vågar, og øyar som gjev området ein intensitet og variasjon. Potensiell B-verdi - stor regional verdi.



⁴ Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7 (2009)
Strandsoneanalyse for Gulen kommune



LANDSKAPSVERDIAR SLØVÅG



Gulen kommune

Strandsoneanalyse

Norconsult



4.2 Rekreasjon og friluftsliv


Det finnast ingen formelt registrerte friluftsområder i Sløvåg-området. Men Postvågen skil seg ut her som eit område som har friluftsliv- og rekreasjonsverdi.

4.3 Natur


Det ligg to områder med biologisk mangfald innanfor område A-Sløvåg. Det eine området ligg i Halsvikvågen, og er registrert som viktig område for biologisk mangfald. Kvaliteten på området er *naturleg lavt oksygeninnhald i bunnvatnet*.

Det andre området ligg ikkje i sjølve strandsona. Området er *intakt lavlandsmyr*, verdsett svært viktig.

Eit større INON område er redusert i samband med nye bru over Brandangersundet. INON området dekkar no berre det ytterste av landet på øyane; Skogsøyna og Eidsøyna.



NATUR- OG FRILUFTSVERDIAR SLØVÅG



4.4 Næringsinteresser

Industriområde Sløvåg er største utbygde område i Gulen kommune for næring, og særleg industri, lager, og kontor. I Brandangersundet ligg akvakulturopdrettsanlegg og fiskeområde.


Kring området Sløvåg ligg areal for sleppt storfe, sau og lam. Steine er eit viktig landbruksområde i Gulen. Området har relativt sett mykje samanhengande dyrka mark og tilgrensande innmarksbeite. Ferjeruter går i dag mellom Sløvåg og Leirvåg. Stoppestaden Skipavik er nedlagt etter at bruа over Brandangersundet vart teke i bruk november 2010.

4.5 Kulturminne

Postvågen er og verdifull i forhold til kulturminne. Her la, i gamal tid, postbåten til land for å fortsetje vegen til Trondheim. Inst i vågen startar stien 'Den Trondheimske Postvegen' og går vidare langs vestsida av Steinsvatn til Halsvik.

I 1868 vart vegen nedlagt som postveg - då posten gjekk med dampbåt til Vadheim. Postvegen i Gulen vart bygd i åra 1800-06, og gjekk 13 km til lands og 20 kilometer til sjøs. Postruta kom over Fensfjorden frå Fannebust på Lindåshalvøya til Postvågen i Gulen.

Slik namnet fortel, var det postkai og naust i Postvågen. Frå Postvågen gjekk vegen til Eide, og derifrå gjekk det vidare med båt til Nordgulen.



Den Trondhjemske postvei i Gulen

4.6 Bustad/fritidsbustad

Området har mest spreidd busetnad. Halsvik, Hovden og Eidsbotn er litt tett bygt med bustadfelt. Det er blanding i heile område av bustader og eldre fritidsbustader.

4.7 Konklusjon delområde A - Sløvåg

Sjekkliste over interesser og kvalitetar som finnast i området:


Interesser/ kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		
Naturlege stengsel		
Knutepunkt	✓	Ferjelei på Sløvåg
Kulturminne		
Tekniske inngrep	✓	Sløvåg-anlegget, veg, ferjeleie
Biologisk mangfald	✓	Halsvikvågen Aust for Sløvåg, ferjeleiet
Kulturminne	✓	Postvågen
Landskapsområde med potensielt regional verdi. Landemerke/ silhuettar	✓	Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna, Halsvikvågen, Postvågen, Kroksundhamrane - Ilevågen
Næringsinteresser	✓	Tyngre næringsverksemder på Sløvåg
INON	✓	INON ytterst på dei sørlege nesa ved Postvågen

Vurdering:

Sløvåg har alt frå viktige landskaps- og kulturkvalitetar til tyngre industriområde. Variasjonen krev derfor ei forvaltning som gjer at dei attverande naturområda ikkje mister kvalitetane sine, samstundes som ein kan fortsetje med utvikling av næringsområda. Særs Postvågen, men og området rundt Kroksundhamrane er viktige området å ta vare på, og ikkje byggje ned.

5 OMRÅDE B - EIVINDVIK

Eivindvik er den største tettstaden i Gulen, og er administrasjonsenteret. Eivindvik har om lag 265 innbyggjarar. Her er både skule, barnehage, kommunehus, handel og båthamn.



Ortofoto over Eivindvik

5.1 Landskap


Eivindvik er eit våg- og smalsundlandskap, i rapporten omtalt som landskapsområde 20 T05-06 Gulen - og klassifisert som C-område Representativ/vanleg førekommande.

Grunngjevinga for klassifisering som C-område er ikkje tilgjengeleg i rapporten.

Eivindvik er eit særmerkt landskapsrom med tettstad. Inn eit fjellmassiv med høgder mellom 150 og 300m er det skore ut eit lunt, mellomstort landskapsrom med tre eller fire hovudelement; Sjøen i Prestesundet - Seivika, kulturlandskapet på Gryta - Midtun og ikkje minst tettstaden i midten - med kyrkje, kai, forretning og bustader.

Terrengformar, kystlina, vegetasjon og vatnformar er varierte. Heilskapen er, til tross for einskilde unntak, middels til stor. Eivindvik er eit viktig element i identiteten til heile Ytre Sogn.

Vår vurdering er at Eivindvik-området har Potensiell B-verdi - stor regional verdi. Sjå om store landskapsverdiar i tettstad i punktet Generelle retningsliner for arealbruk i strandsona i Gulen kommune. Gulatingsrådet har så stor historisk verdi at vi vurderer det som potensielt A område.



5.2 Rekreasjon


Det er registrert eit større regionalt viktig friluftsområde nær Eivindvik, men ikkje i sjølve sentrum. Dette området strekker seg over både Helmesundet og Prestesundet, med øya Fonna i midten.

Det er fleire FRIDA område rundt Eivindvik, men ingen i sjølve tettstaden.

Grønstruktur i sjølve tettstaden er viktig oppretthalde. Desse fungerer som grøne lunger mellom busetnad og forretningsareal.

5.3 Natur

Eivindvik har ingen registrerte viktige naturområde i strandsona innanfor studieområdet.



5.4 Næringsinteresser

Eivindvik er kommunesenter og har ulike forretningar, butikk, næringssenter på Sandalskaia og hotell. I sollibotn er det avsett større område til industri. I Midtunvågen ligg Solodden Hyttegrend med utleigeeiningar. På Nyborg finn du kommunen sitt dykkarsenter. Midtun er i hovudsak landbruksområde med dyrka mark, beitemark m.m.

Sollibotn er haldeplass for ekspressbåtruter fra Bergen nordover til Selje og i Sogne Fjorden og på Stavneset ligg kai med lager for oppdrettsanlegg. Sør fra Flolid ligg det i Gulafjorden oppdrett for akvakultur (Kjerringneset ved Klokkeideneset).

5.5 Kulturminne

Eivindvik er ein lokal, regional og nasjonal viktig tettstad for kulturminner, som 2 kross, minnestener, Herresalen og kyrkje. I tillegg kan ein nemne kultursatsing med bl.a. Tusenårsstaden på Flolid.



Det står to gamle steinkrossar i Eivindvik. Desse har truleg stått her før Gulatinget og innføringa av kristendommen. Den eine steinkrossen er anglsk, den andre er keltisk. Den angliske steinkrossen har elegante, bogne kantar og står på Krossteigen i bakken opp frå kommunehuset. Den keltiske steinkrossen har rette, enkle former og står ved porten til kyrkjegarden.

Gulen kyrkje er ei langkyrkje i tre som står i bygda Eivindvik.

Det staselege kvite huset nedanfor kyrkja i Eivindvik vert kalla Herresalen og var bustadhuset til "Eivindvigens anden skaber", prost Niels Griis Alstrup Dahl (1778 - 1852). Herifrå styrte prost Dahl Eivindvik prestegjeld og Eivindvik prestegard. Den iherdige innsatsen til prosten gjorde prestegjeldet til noko likt eit velferdssamfunn, og prestegarden til eit mønsterbruk.



Bilete 7: Herressalen, Eivindvik kyrkje og den keltiske steinkrossen i Eivindvik (Bilete frå Riksantikvaren)

Ulike minnesteinar:

Minnstein i Eivindvik over lensmann Bredvik

Minnstein om engelske krigsgraver i Eivindvik

Minnstein over - Niels Griis Alstrup Dahl

Minnstein over falne i Eivindvik

Rundt det gamle senteret ligg prestegardsmuren som viser i dag prestegarden som lag også på Fonna, øyna fram for bygda. Nordsjøløypa forbinder Sollibotn, Eivindvik og Flolid saman med turstien.

5.6 Bustad/fritidsbustad


Eivindvik er største tettstad i Gulen med omlag 285 innbuarar. Eldre fritidsbustader ligg delvis spreidd rundt omkring. I Sollibotn er det større regulert hyttefelt.

Interesser/ kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		
Naturlege stengsel		
Knutepunkt	✓	Havna – ved butikken
Kulturminne	✓	Kyrkja, Tusenårsstaden, Herressalen og to steinkross
Tekniske inngrep	✓	
Biologisk mangfald		
Landskapsområde med potensielt regional verdi. Landemerke/ silhuettar	✓	I tillegg til å vere eit knutepunkt i Ytre Sognefjord, har Eivindvik har eit særmerkt og intimt landskap med fleire viktige kulturminne på nasjonal nivå.
Næringsinteresser	✓	
INON		

Vurdering:

Eivindvik har mange interesser i og utanfor strandsona. I tillegg er kvalitetane kring landskap og kulturminne viktige element som ein må ta med seg i dei samla vurderingane for utvikling av tettstaden. Som største tettstad i Gulen, er både bustad, hytte, næringsinteresser store.

Eivindvik har som kommunesenter eit mangfold av interesser og arealbruk som etter vår vurdering bør få ein eigen stadianalyse. Denne kunne avdekkje meir i detalj dei lokale natur-, kultur, landskapsområder, og grønstrukturar. Stadianlysen vil kunne ta føre seg seg ikkje berre strandsona, men sentrumsareal, arealbruk, kommunikasjonar, møtepunkt osv. i tillegg.



Bilete 8: Oversikt over Brandangersundet; www.norgei3d.no

6.1

Landskap

- 2oTo6-01 Brandangersundet er klassifisert som småfjord- og storsundlandskap.

Storforma er ei open, men langsmal fjordform med ujamne og slake fjordsider. Noko av det som er karakteristisk er at mellomformer skjerer seg inn i storformene og dannar "overraskande" samanhengande, lune viker/pollelandskap/sund med stor variasjon i strandlinia, mange småholmar og med svært vekslande utsyn både mot fjorden utanfor og mot fjerntliggande fjell.


Tre delområde peikar seg ut med potensielt høgare verdi enn C, nemlig B-verdi:

Nord for Sløvåg ligg Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna på rekke, og dannar ei eigen "indre lei" - eit eige landskap som vekslar mellom smale sund og åpnare vågar innafor storformen Brandangersundet. Her ligg også Steinsvågen. Det er bygd ny veg i området som til ein grad bryt heilskapen i landskapet i Steinsvågen, i samband med bruva over Brandangersundet (opna nov 2010).

Området med sine små sund, vågar, og øyar som gjev området ein intensitet og variasjon. Potensiell B-verdi - stor regional verdi.

I vest peikar spesielt Nyhopsvågen seg ut som ei "indre lei i miniatyr" - med kontakt til hovudfjorden og tre forskjellige utløp/innløp. Variasjonen er stor i strandlineutforminga, middels kva gjeld vegetasjon, vatn m.m. Her er nokre eldre naust, men lite tekniske inngrep. Området har ei særmerkt, intim landskapsform.

Nord i området ligg Brandangervika - Hatteneset med ei sterkt variert kystline, variasjon og heilskap i kulturlandskap, omkransa av heller frogig vegetasjon.







6.2

Rekreasjon

Området rundt Steinsvågen er registrert som viktig regional friluftsområde i fylkesdelplan for arealbruk. Innanfor området ligg blant anna øyrekka; Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna. Området er attraktivt for båutfart. Ettersom området har fått ny veg, er friluftskvalitetane lettare å oppleve og fra landsida. Variasjonen i landskapet gjer området særleg interessant for padling.



Kartet viser barnetråk kregisterin g på Furenset, gjennomfø rt av Gulen kommune.



6.3

Natur

Det er fleire område med biologisk mangfald i Brandangersundet. Eit større område med kystlynghei, som er vurdert som viktig (B), ligg på vestsida av sundet. I tillegg er det lokalisert førekjomsst av jordnøtteng på austsida av sundet, nord for Brandangersundsbrua.




6.4

Næringsinteresser

I Brandangersundet ligg to av fleire akvakulturanlegg i Ytre Gulen skjærgård, Risholmen ved Brandanger og Storeneset ved Sløvåg. Langs sundet ligg ulike små landbruks gardar med dyrka mark og beite. Sløvåg og Sandøy er i dag knyta saman med ny bru over Brandangersundet ved Fivelsdal.





NATUR- OG FRILUFTSVERDIAR BRANDANGERSUNDET NORD



0 400 800 1 200 1 600 2 000 2 400 2 800 3 200 Meters

Gulen kommune

Strandsoneanalyse



6.5

Kulturminne

Garden Selvågen ligg ved ei lita bukt på austsida av Brandangersundet i Gulen. I 1900 vart det starta treskofabrikk på staden. Produksjonen av tresko vart avslutta i 1975 etter 75 års drift. Treskofabrikken kom i 1994 med på Riksantikvaren sin verneplan for tekniske- og industrielle kulturminne. Det pågår i 2011 ein prosess for vern av treskofabrikken etter kulturminnelova.




6.6

Bustad/fritidsbustad

Mesteparten av bustadene ligg spreidd i område langs sundet. Fureneset er ein mindre tettstad med kai og hamn. Ved Brandanger ligg ulike utbygde felt for fritidsbustader. Fivelsdal har ei samling av bustader og ei mindre stor hyttegren. Det ligg føre godkjent reguleringsplan for hytter ved Fivelsdal.





NATUR- OG FRILUFTSVERDIAR BRANDANGERSUNDET SØR



0 250 500 1 000 1 500 2 000 Meters

Gulen kommune
Strandsoneanalyse



6.7 Konklusjon om delområde C - Brandangersundet

Interesser/ kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		
Naturlege stengsel		
Knutepunkt		
Kulturminne	✓	Treskofabrikken i Selvågen
Tekniske inngrep	✓	
Biologisk mangfald	✓	Større kystlyngheiområde på vestsida av sundet. Jordnøtteng ved Joansvika
Landskapsområde med potensielt regional verdi. Landemerke/ silhuettar	✓	Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna, Nyhopsvågen, Steinsvågen og Brandangervika - Hatteneset
Næringsinteresser		
INON	✓	INON er redusert rundt Steinsvågen pga nyvegtilførsel. Men noko INON er det endå i området.

Vurdering:

Langs Brandangersundet på austsida har INON blitt redusert i området rundt Steinsvågen. Vegen gjer at landskapsverdien ikkje er like høg. Øyane ved munninga av Steinsvågen; Steinsøyna, Eidsøyna og Skogsøyna har likevel eit mangfald som gjev landskapet karakter.

Det regionale friluftsområdet i Steinsvågen er, pga av vegen, meir tilgjengeleg no enn før, og kan lettare nyttast. Ei utbygging i dette området, kan redusere kvalitetane meir. I tillegg vil ei nytablering her vere langt borte frå eksisterande miljø av bustad og næring.

Det regionale friluftsområdet på Fureneset har allereie noko busetnad. Ei eventuell fortetting , der friluftsinteressene ikkje vert redusert, kan vere positivt for staden.

Sårbarheitskartet gjev ein indikator på kva verdiar dei ulike områda har innanfor studieområdet. Områda er vurdert ut i frå dei ulike interessene og kvalitetane knytt til strandsona. Vurderingane er overordna, og er ikkje i detalj på korleis områda skal utformast. Sårbarheitskartet har ikkje status som ei konsekvensutgreiing. Område som ikkje har farge, er ikkje vurderte.

Strandsona i studieområdet er delt i inn i fire kategoriar:

GRÅ: Definerte område for særskilde utbyggingsføremål

Den grå fargen ligg over område som allereie er i bruk til større definerte føremål. Etablert industriområde på Sløvåg er eitt av dei.

GUL: Område som kan nyttast til byggieføremål

Gule område har få/ingen konfliktar, og kan nyttast til byggetiltak.

Det er likevel viktig med reguleringsplan, slik at bustad-, hytter- og næringsområde ikkje kjem i konflikt med kvarandre, det er difor viktig at ein tek omsyn, og vurderer dette i eit framtidsperspektiv, før ein set i gang med tiltak. Privatisering av sjølve strandlinna bør ikkje førekome.

ORANGE: Område ein skal vere varsam med å byggje ut


Orange område har fleire interesser og verdiar som må takast omsyn til. Det kan gjennomførast byggetiltak i desse områda, men dei må vurderast i kvart tilfelle opp mot omsyna til verdiane her. I desse områda bør det fremjast reguleringsplan for utbygging. Ein landskapsanalyse, eller stadanalyse vil gjere lettare kunne synleggjere kvalitetane som ligg her, og arealløysingar for framtida.

Forbod mot privatisering av strandsona gjeld

RAUD: Område med særeigne kvalitetar – ikkje eigna for utbygging

I område der fleire interesse kryssar kvarandre, som; landskapskvalitetar, kulturminne, naturtypar og friluftsliv, er konsekvensane ekstra store ved utbygging. Område som skil seg ut innanfor denne kategorien her er Postvågen med kringliggjande område, området rundt Skogsøy og Eidsøy, Hamneneset og kystlyngheimrådet på vestsida av Brandangersundet.

I raude område bør utbygging ikkje tillatast, med mindre ein kan dokumentere at fordelane for tiltaket er større enn ulempene.




SÅRBARHETSKART
EIVINDVIK



Gulen kommune

Strandsoneanalyse

Norconsult



SÅRBARTEKART
EIVINDVIK




0 75 150 300 450 600 meters


Gulen kommune


Strandsoneanalyse





Norconsult











SÅRBARHETSKART
BRANDANGERSUNDET/ SLØVÅG




0 75 150 300 450 600 meters

Gulen kommune

Strandsoneanalyse



Norconsult



8 KONKLUSJON

Område der ein som hovudregel kan gjennomføre nye tiltak etter at omsyn er gjort

- Der det finst busetnad frå før av
- Område knytt til nærliggjande veg, og anna infrastruktur

Område ein bør ver varsam/ vise omsyn til fleire interesser

- Innanfor funksjonell strandsone
- Innanfor område der fleire interesser gjeld (spesielt område for natur, landskap og friluftsverdiar)
- Tettstadområde med høge landskapsverdiar (her treng ein ei meir finmaska analyse)

Område som ikkje bør byggjast ut

- Øyar holmar og skjær som ikkje har busetnad
- Ytst på nes, og høge toppar (silhuett)
- Område interesser for natur- landskaps- og friluftsverdiar er store

Generelle retningsliner for arealbruk i strandsona i Gulen kommune

- Næringsareal og område for bustad/fritidsbustad bør ikkje vere lokalisert for nære kvarandre. Dette er sjølvsgart avhengig av kva type næring det gjeld, og må vurderast spesifikt i kvart enkelt hove.
- Øyar, holmar og skjær der det ikkje er busetnad, bør sparast for inngrep
- Unngå å redusere INON - område.
- Øyar, nes, lengre høgdedrag som fungerer som buffer for næring/industri, busetnad, tydelege skiljer mellom ulike landskapsrom eller andre inngrep bør ikkje byggjast ut.
- Bygging ytst på nes, vil oftast redusere landskapsverdien og privatisere strandsona - desse områda bør difor ikkje byggjast på.
- Dersom ein ynskjer utbyggingstiltak i 100-metersbeltet, unngå privatisering av strandsona.
- Unngå å bygge i silhuett
- Nye utbyggingstiltak i strandsona bør ha fokus på tilkomst for alle, og å legge til rette i staden for å vere til hinder for andre å opphalde seg der.

Tettstadar ved sjøen har større innslag av utbygd strandsone enn meir spreidd bygde område. Stor landskapsverdi i tettstadområde tyder ikkje utan vidare at "all" strandsona må vernast for inngrep - eit tettstadområde med høg verdi kan ofte ha store variasjonar i verdi over kort strandline og bør difor ha ei meir finmaska analyse for å komme fram til ei god forvaltning.

God forvaltning balanserer omsyn til naturverdiar, historiske verdiar og rekreasjonsverdiar med omsyna til eit levande bygdemiljø, arbeidsplassar, turisme, bustader, båthavn m.m..

KJELDER

- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: <http://www.sffarkiv.no/>
- Fylkesatlas: www.fylkesatlas.no
- Strandsonerettleiar for Sogn og Fjordane: *Strandsona – ein felles ressurs!* (2003)
- Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7 (2009)

